

Årsmøteprotokoll

22.05.2014

Det vart halde årsmøte i "Foreininga for Landsbyhuset Breidablik" torsdag 22.05.2014 kl. 1900.
Møtet vart halde på Breidablik.

Sak 01/14 : Val av ordstyrar

Bjarte Rovde (styremedl.) vart samrøystes valt som ordstyrar.

Sak 02/14 : Godkjenning av innkalling

Det var ikkje merknadar til innkallinga. Årsmøtet godkjenner denne.

Sak 03/14 : Val av ein person, i tillegg til ordstyrar, for underskriving av protokoll

Trond Torset vart samrøystes valt til å skrive under protokollen.

Sak 04/14 : Oppteljing av medlemmar og antal stemmer på årsmøtet

Det var 5 stk. medlemmar tilstades og desse representerte 5 røyster.

Sak 05/14 : Årsmelding og årsrekneskap 2013

- Årsmeldinga for 2013 vart lagt fram av styret og opplest av ordstyraren.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende årsmeldinga for 2013.


- Resultatrekneskap, balanse og revisjonsmelding for 2013 vart gjennomgått og opplest.

Det var ikkje merknadar og årsmøtet godkjende resultatrekneskap og balanse for 2013. Årsmøtet tok revisjonsmeldinga til vitande.

Sak 06/14 : Budsjett og andre økonomiske disposisjonar for 2014

- Styret la ikkje fram budsjet for 2014, men orienterte om naudsynte gjeremål og planar.

Årsmøtet tok orienteringa til vitande.



Sak 07/14 : Val av styremedlemar, styreleiar og kasserar/økonomiansvarleg

Toril Merete Urkedal (økonomi/utleige), Bjarte Rovde (dugnadsansvarleg) og Lisa Iversen (div.) er på val. Desse har utgjort valnemda for 2014.

- Valnemda har kome med fylgjande forslag til val, og styret innstiller på dette :
Attval : Toril Merete Urkedal, Bjarte Rovde og Lisa Iversen.
- Steinar Skoge (kinoansvarleg). Han har hatt rolla på dugnad hausten 2013.

Årsmøtet vedtok samrøystes innstillinga og styret for 2014 (fram til neste årsmøte) vert dermed samansett slik :

Styreleiar :	Harald Sætre	1 år
Økonomiansvarleg :	Toril Merete Urkedal	2 år
Styremedlem :	Margunn Rekdal	1 år
Styremedlem :	Ole Christian Grønnevik	1 år
Styremedlem :	Steinar Skoge	1 år
Styremedlem :	Bjarte Rovde	2 år
Styremedlem :	Lisa Iversen	2 år


Sak 08/14 : Val av valnemd for 2015

Styret innstiller på at dei utgåande medlemmane i styret på årsmøtet i 2015 utgjer ny valnemd : Harald Sætre, Margunn Rekdal, Ole Christian Grønnevik og Steinar Skoge .

Årsmøtet vedtok samrøystes forslaget til valnemd for 2015.

Sak 09/14 : Val av revisor

Jarle Gunnarstein vart samrøystes attvald som revisor.



Sak 10/14 : Innkomne saker

Styret har fått innspel om at oppussingsnemnda må halde fram med det oppstarta arbeidet. Nemnda må også ta føre seg uteområdet mellom Breidablik og Larsnes skule.

Årsmøtet støttar innspelet og overlet til styret å vidareføre arbeidet.

Årsmøtet vart avslutta kl. 2030

Eivind Røed
ordstyrar

Torodd Torsset
medunderskrift

